Vest-Telemarkrådet

Årsmelding og årsrekneskap 2008

Vest-Telemakrådet

Vest-Telemarkrådet

Årsmelding for Vest-Telemarkrådet 2008.

"Vest-Telemarkrådet skal vere eit samarbeidsorgan for dei deltakande kommunane på alle område og alle plan, og skal vere eit organ for løysing av felles spørsmål og oppgåver for dei same kommunane."
Tinget er det øvste styringsorganet og består av ordførar, varaordførar, eit anna kommunestyremedlem samt rådmann frå kvar av dei deltakande kommunane.
Rådet, som består av ordførarane i dei 7 kommunane, står for den daglege drifta saman med dagleg leiar.

Økonomi.
Årets overskot på kr. 88 255,- vert overført eigenkapitalen.

Leiinga.
Ordførar Olav Urbø i Tokke kommune har vore regionordførar i Vest-Telemarkrådet i 2008.
Regionvaraordførar for same periode har vore Olav Tho, ordførar i Hjartdal kommune.

Frå arbeidet i Tinget.
Det er halde 2 møte i Vest-Telemarktinget i 2008: 17. juni og 16. desember.
I tillegg til ordinære saker som budsjett, årsmelding og rekneskap handsama Tinget i 2008 fylgjande saker: Evaluering av det regionale samarbeidet i Tinget, Rådet og Fellesfondet, namne-endring til Vest-Telemarkrådet, halvårsrapportane i samband med det vedtekne arbeidsprogrammet samt regionale prosjekt om tilflytting, marknadsføring, reiselivsutvikling og rekruttering.
Tinget vedtok i desember 2007 arbeidsprogram for 2008 – 2009. Innretningen for arbeidsprogrammet er at dette skal syne retningen og gjelde i 2 år. Vidare skal det knytast tiltak til måla og måloppnåinga skal kontrollerast av Tinget 2 gonger i året.
Arbeidsprogrammet har fylgjande visjon og mål/tiltak:

Visjon: Vest-Telemark – ein levande region.
Kommunane i Vest-Telemark er kommunar med særpreg, høg kulturprofil og målretta samhandling. Regionen er attraktiv for busetjing, næringsetablering og framvekst av kompetansmiljø. Livet i Vest-Telemark er prega av fokus på løysingar og positive vinklingar.

Mål 1 Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark

Tiltak:

Auke dei unge si sjølvkjensle og tilknyting til distriktet, og stimulere til entreprenørskap
Ha god tilgang til vidaregåande skule, samt etter- og vidareutdanning for innbyggjarane
Kartlegging av viktige lokaliseringsfaktorer for potensielle tilflyttarar
Vidareføre småbruksprosjektet
Stimulere til rekruttering av arbeidskraft
Fylgje opp dei aktuelle tiltaka i næringsplanen og landbruksrapporten

Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet

Tiltak:

Stø opp om kulturtiltak som fremjar kjennskap, identitet og samhandling
Legge til rette for godt regionalt samarbeid, herunder elektronisk kommunikasjon
Drive aktiv marknadsføring av regionen
Drive alliansebygging/lobbyverksemd og kome tidleg inn i dei ulike politiske endringsprosessane

Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark med grunnlag i distriktets særpreg og lokale ressursar.

Tiltak:

Fylgje opp dei aktuelle tiltaka i næringsplanen og landbruksrapporten
Sikre tilgang på eigenkapital
Stimulere til samordning av marknadsføring av reiselivet i regionen
Marknadsføre føremonane i regionen
Leggje til rette for lokal foredling og småskalaproduksjon
Leggje til rette for etablering av kompetanseverksemder og nettverk
Styrke samarbeidet mellom regionalt og lokalt næringsapparat.

Mål 4 E 134 og Riksveg 36 held fram som det viktigaste hovudsambandet mellom aust og vest. Utvikle potensialet i Telemarksvegen (riksveg 41), som viktig korridor mot sør og kontinentet. Etablere ny infrastruktur for kommunikasjon.

Tiltak:

Samarbeid med Haukeligvegen AS, Arbeidsgruppa for E 134/Rv 36, Telemarksvegen Vest-Telemark Næringsforum og andre viktige grupperingar
Arbeide mot sentrale styresmakter, spesielt i høve til Nasjonal Transportplan og vurdere bruken av ressursar
Fremje tiltak for alternativ finansiering av sentrale investeringsprosjekt
Arbeide for auka midlar til investeringar og vedlikehald av øvrige riks- og fylkesvegar
Sikre full utbygging av breiband i regionen
Arbeide for full dekning innan mobilsamband og digitalt bakkenett
Arbeide for realisering av høgfartsbane over Haukelifjell

Evaluering av det regionale samarbeidet i Vest-Telemarktinget, Rådet og Fellesfondet.

I møte 19. juni 2007 fekk Rådet i oppdrag å gjennomføre ei evaluering av det regionale samarbeidet i Tinget, Rådet og Fellesfondet. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå dei 7 kommunane. Gruppa hadde som mandat å gå gjennom status for samarbeidet i dei ulike organa, sjå nærare på organisering og oppgåvefordeling samt belyse konkrete resultat av samarbeidet.

I møte 22. april handsama Rådet rapport frå arbeidsgruppa der det kom fram at ein ynskjer å tydeleggjera at Tinget fyrst og fremst har ei formell rolle. Rapporten viste vidare at Rådet ser ut til å ha funne ei god arbeidsform og har fått ein funksjon som høver både internt og eksternt.

Ein ser på regionrådet som eit viktig samarbeidsorgan og eit viktig organ for å ivareta distriktsinteressene.

Når det gjeld Fellesfondet var rådet frå arbeidsgruppa å avvente dei vidare tingingane mellom Telemark fylkeskommune og dei 8 kommunane.

Rådet slutta seg til rapporten frå arbeidsgruppa og denne fekk også tilslutnad i Tinget i møte 17. juni 2008. Rapporten vart deretter sendt til dei enkelte kommunane.
I møte 17. juni vart det også gjort vedtak om namne-endring frå Vest-Telemarktinget til Vest-Telemarkrådet.
På begge møta i Tinget låg det føre halvårsrapportar gjeldande det vedtekne arbeidsprogrammet. Rapportane vart handsama og godkjent.
På møtet i Tinget 16. desember vart det dessuten orientert om 4 sentrale prosjekt i Vest-Telemark: Utvikling og samordning av reiseliv, rekruttering av arbeidskraft, tilflytting og marknadsføring av regionen.

Frå arbeidet i Rådet.
Det er halde 11 møte i Rådet i 2008 og handsama 94 saker. Av viktige saker kan vi nemne:

Struktur for dei vidaregåande skulane i Telemark.
Ei nedsett arbeidsgruppe innan Telemark fylkeskommune la i 2007 fram ulike forslag til ny struktur for dei vidaregåande skulane i fylket. Eitt av alternativa gjekk på å legge ned Bø vidaregåande skule avdeling Seljord.
I møte 20. november 2007 gav Vest-Telemarkrådet klår melding at dette ikkje var akseptabelt og ein bad fylkeskommunen om ikkje å fremje slikt forslag til politisk handsaming.
Dette vart likevel gjort, og på rådsmøtet 8. januar 2008 låg det såleis føre formell høyring der 2 av 3 alternativ innebar nedlegging i Seljord. Ny uttale vart gjort der regionen gjekk sterkt i mot nedlegging både i Lunde og Seljord.
I den endelege politiske handsaminga i fylkeskommunen lukkast det å få fleirtal for å oppretthalde skulane både i Lunde og Seljord.

Val av administrative representantar til strategigruppene i Telemark fylkeskommune.
I møte 19. februar vart det gjort fylgjande vedtak:

- *Som administrativ representant til strategigruppa for næringsutvikling/den gode bustad veljast Henry Mæland*
- *Som administrativ representant til strategigruppa for infrastruktur veljast Kjell Gunnar Heggenes*
- *Representantar til dei 2 andre strategigruppene vert valt av rådmannsutvalet.*

Etter møte i rådmannsutvalet same dag er det meldt attende fylgjande:

- *Som administrativ representant til strategigruppa for kompetanse veljast Oddvar Hallaråker*
- *Som administrativ representant til strategigruppa for kultur og identitet veljast Hans Kristian Lehmann*

Etter leiarskifte i Vest-Telemark Næringsutvikling er no Haldor Kaasin adminsitrativ representant i strategigruppa for næringsutvikling/den gode bustad.

Deltaking i prosjektet "Med argusøyne på WTO".
Rådet sa i februarmøtet ja til å delta i prosjektet *"Med argusøyne på WTO"*, der målsetjinga er å fylgje med i forhandlingane, ha påverknad på desse og bidra til best mogleg resultat for regionane. Arne Vinje vart valt som representant frå vår region til ei nedsett arbeidsgruppe.

Nasjonal Transportplan 2010 – 2019.
I møte 19. februar vart det orientert om det nyleg framlagte forslaget til nasjonal Transportplan. Statens Vegvesen har hatt pålegg om å budsjettere ut frå kostnadsnivået i 2007 ganga med 10 for perioden 2010 - 2019.
Store og viktige prosjekt som Århus – Gvammen, E134 gjennom Kongsberg og nye tunnellar over Haukeli var ikkje med grunnforslaget. Fyrst ved eit alternativ budsjett med 20 % påslag var dei 2 fyrstnemnde prosjekta inne i planen.
I rådsmøte 11. mars vedtok Rådet felles uttale med Midt-Telemark der det mellom anna gjekk fram krav om eit påslag på 30 %, noko som gav grunnlag for å få inn Haukelitunnellar i tillegg til Århus – Gvammen og Kongsberg.
På bakgrunn av denne felles uttala vedtok også Vest-Telemarkrådet i møte 16. september å be Statens vegvesen utarbeide moglegheitsstudie for delfinansiering av nye Haukeli-tunnellar ved hjelp av bompengar.

Ny plan- og bygningslov, plandelen.
Det låg føre eit heilt nytt forslag til plandelen av plan- og bygningsloven (Ot. prop nr 32, 2007 – 2008). Kommunal- og regionaldepartementet vil etter kvart fremje ein proposisjon til som skal innnehalde byggesaksdelen, og dei 2 proposisjonane skal seinare resultere i ein felles plan- og bygningslov.
Plankontora i Nissedal og Vinje fekk på rådsmøte 11. mars i oppdrag å gå gjennom den framlagte proposisjonen med tanke på moglege endringsforslag.
I rådsmøte 22. april vart det gjort vedtak om å ta opp med departementet viktige punkt som kommunanes bortfall av rett til å gje dispensasjonar samt fjerning av saker gjeldande kraftutbygging.

Energi- og klimaplaner i kommunane.
Det er krav til kommunane om å utarbeide energi- og klimaplaner og det ligg føre ein vegleiar utarbeidd av Enova som kan nyttast i arbeidet etter at politiske vedtak er fatta.
Fylkeskommunen har ei koordinerande rolle i dette arbeidet og i mars-møtet ba Rådet rådmannsutvalet sette ned ei administrativ koordineringsgruppe for å fylgje opp det vidare planarbeidet.

Barnevernsamarbeidet, vidareføring.
I møte 22. april drøfta Vest-Telemarkrådet vidareføring av barnevernsamarbeidet i regionen på bakgrunn av avslag frå sentralt hald om å halde fram som interkommunalt selskap. Det var då tinga ei utgreiing frå advokatane i KS og Rådet gjorde vedtak om å fylgje opp saken på politisk nivå. Den vidare prosessen viste imidlertid at barnevernsamarbeidet ikkje fekk høve til å halde fram som IKS, og kommunane vedtok seinare på året å organisere samarbeidet som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelovens § 28b.

Landskonferansen for regionråd.
På regionrådskonferansen på Røros i 2007 vart det bestemt at konferansen i 2008 skulle finne stad i Balestrand medan 2009-konferansen skulle leggjast til Vest-Telemark.
På rådsmøte 20. mai vart det sett ned ei arbeidsgruppe for å førebu denne og fylgjande vart valde: Olav Urbø, Anne-Nora Oma Dahle, Solveig S. Abrahamsen, Elisabeth Lid og Kjell Gunnar Heggenes.
I rådsmøte 19. august vart det vedteke å legge 2009-konferansen til Quality Straand Hotel i Vrådal 24. – 25. august.

Kollektivtransporttilbodet i distrikta.
I møte 20. mai drøfta Vest-Telemarkrådet kva rolle Rådet skal ha i samband med kollektivtransport-tilbodet i regionen. På bakgrunn av signal frå Telemark Bilruter om at selskapet ikkje lenger har høve til å ta distriktsomsyn når rutetilboda skal fastleggjast, vedtok Rådet å sende ei formell henvending til fylkeskommunen og be om ei meir aktiv rolle i saken. Likeeins ba Rådet om å bli involvert i ei komande evaluering gjeldande mogleg tilbakeføring av innkjøpsfunksjonen for kollektivtrafikk-tenester frå Vestviken Kollektivtrafikk til Telemark fylkeskommune.
I møte i Fylkestinget 18. - 19. juni fekk fylkesrådmannen i oppdrag å greie ut konsekvensane ved å trekke seg ut av noverande innkjøpsordning, og at denne utgreiinga skulle skje i nært samarbeid med kommunane.

Vitalisering av næringsapparatet. Rapport utarbeidd av Knut Vareide ved Telemarksforsking.
I møte 19. august handsama Rådet rapport om vitalisering av næringsapparatet i kommunane. Rapporten rådde mellom anna til å danne eit *"Vest-Telemarkteam"* der nærinssjefane/næringskonsulentane i kvar enkelt kommune skulle inngå, og ha ein stillingsbrøk i Vest-Telemark Næringutvikling på minst 20 %. Det vart vedteke å legge rapporten fram for handsaming i kvar enkelt kommune med tilbakemelding til regionrådet. Dei seinare tilbakemeldingane gjekk ut på at kommunane ikkje ynskjer å overføre delar av desse stillingane til VTNU men at dei ynskjer å vidareutvikle samarbeidet på dette området.

Miljøfagleg kompetanse.
I augustmøtet låg det føre notat frå leiar av Kviteseid Venstre, Jon Ingebretsen, der han stilde spørsmål om det trengst meir miljøfagleg kompetanse i kommunane og at ein vurderer moglegheiten for å tilsetja ein felles fagperson. Det kom fram at kommunane vurderer situasjonen som rimeleg bra i høve til eigen miljøkompetanse, og at ein nyttar innleigde krefter etter behov. Eit aktuelt tiltak kan likevel vera å opprette eit miljøfagleg forum i regionen.

Intensjonsavtale mellom Sogelandet SA, Telemark fylkeskommune og kommunane.
I møte 19. august godtok Vest-Telemarkrådet forslag til intensjonsavtale mellom dei 3 nemnde partane. Målsetjinga er å etablere Sogelandet som nasjonal knutepunkt-destinasjon og vidareutvikle dette som motor for det regionale kulturbaserte næringslivet i regionen. Avtala inneber eit årleg driftstilskot frå Fellesfondet/kommunane under føresetnad av Staten og fylkeskommunen også kjem med sine årlege bidrag.

Hjartdal kommune – oppseiing av medlemskap i Vest-Telemarkrådet.
I brev av 5. august sa Hjartdal kommune opp sitt medlemskap i Vest-Telemarkrådet med grunngjevnad at kommunen var teke opp som medlem av Regionrådet for Kongsbergregionen.
Vest-Telemarkrådet tok dette til vitande i rådsmøte 19. august og vedtok å ha ein gjennomgang av dei ulike samarbeidsområda/prosjekta der Hjartdal kommune er involvert. Etter vedtektene varer Hjartdal sitt medlemskap i Vest-Telemarkrådet fram til 5. august 2009.

Vidareføring av entreprenørskapsarbeidet i Vest-Telemark.
I rådsmøte 16. september orienterte prosjektleiar Elisabeth Lid om entreprenørskapsarbeidet i regionen. Det vart gjort slikt vedtak:
"Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande. Rådmennene får i oppdrag å innhente informasjon frå skulesjefane og melde status for entreprenørskapsarbeidet attende til Rådet.

Informasjonen vil danne grunnlag for beslutning om korleis entreprenørskapsarbeidet skal vidareførast og korleis arbeidet skal organiserast og finansierast."
I rådsmøte 11. november låg det føre tilbakemelding frå rådmennene som seier at ein ser dagens entreprenørskapsprosjekt som avslutta frå komande årsskifte. Det må no vera opp til den einskilde skule/kommune korleis entreprenørskap vert vidareført i Vest-Telemark.

Forslag om å klassifisere Rv41 som stamveg i samband med gjennomføring av forvaltningsreformen.
Det låg føre uttale frå eit møte i Åmli 9. oktober der kommunane langs Rv41 hadde vore tilstades i lag med Agder fylkeskommune, NHO og ulike næringsorganisasjonar. I uttala ber ein om at Rv41 beheld status som stamveg i samband med gjennomføringa av forvaltningsreformen der øvrige riksvegar er foreslege overført til fylkeskommunane. Vest-Telemarkrådet slutta seg i møte 15. oktober til denne uttala.

Lobbyverksemd.
På bakgrunn av eit notat frå Vest-Telemark Næringsutvikling drøfta Vest-Telemarkrådet lobbyverksemd i møte 15. oktober.
Det kom fram at påverknadsarbeid også i framtida må vera ein viktig del av rådet sitt arbeid og vera underlagt leiar og styrande organ for VTR. Ein må vera budd på å kjøpe kapasitet utanfrå i enkelte tilfelle, og kommunane må vera positive til å bidra med sakkunnskap og utgreiingskapasitet.

Innspel til handlingsprogrammet i Fylkesplanen.
I møte 15. oktober vedtok Vest-Telemarkrådet 9 område som innspel til handlingsprogrammet for 2009.
Desse er: Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark (finansiering av 2 aktuelle tiltak), entreprenørskap, småsamfunnssatsinga, breiband/mobilsamband/digitalt bakkenett, Telemarkskanalen, Sogelandet, høgfartsbane, gass til Telemark og stamvegnettet.
Som representant/vararepresentant til Utviklingsforum Telemark vart vald Olav Urbø/Olav Tho.

IKT i Vest-Telemark, status og vegen vidare.
Torgeir Selle frå Telemark fylkeskommune og Børge Skårdal frå Vest-Telemark Næringsutvikling samt representantar frå IT-avdelingane i kommunane var tilstades i rådsmøte 11. november. Det er gjort ei omfattande breibandutbygging i regionen, og mykje har skjedd innafor IKT sidan E135-rapporten låg føre i 2003.
Det er lagt viktige føringar i nasjonale dokument som til dømes *E-kommune 2012* som inneheld 20- 30 delmål som skal oppfyllast innan 2012.
Aktuelle samarbeidsområde er: Elektronisk samhandling innan helse og omsorg, elektronisk handel, arkivering og sakshandsaming, informasjonstryggleik, IKT-arkitektur, integrasjon av IKT-system, strategisk IKT-leiing, kompetanseutvikling, grøn IT og breiband.
Rådet gjorde fylgjande vedtak:
"Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande og ser det som viktig å delta i IKT-samarbeid med dei andre regionane og fylkeskommunen.
Regionrådet vil sette i gang eit arbeid med å definere nye strategiar, arbeidsmåtar, samarbeidsområde osb."

Framdrift i samband med oppretting av bompengeselskap.
I møte 11. november drøfta Vest-Telemarkrådet den manglande framdrifta i høve til oppretting av bompengeselskap for E134 og Rv36 samt manglande oppstart av planleggingsarbeid på dei aktuelle delstrekningane.
Rådet vedtok å gjera ei formell henvending til Telemark fylkeskommune der det vart bede om oppfylgjing av fylkestingsvedtak av 29. april 2008.
Det vart vidare bede om at Statens vegvesen måtte sette i verk aktuelt planleggingsarbeid for at tilgjengeleg planleggingkapasitet ikkje skulle risikere å bli omdisponert.

Uttaler/skriv frå Vest-Telemarkrådet i 2008.
Struktur for dei vidaregåande skulane i Telemark.
Uttale av 8. januar der Vest-Telemarkrådet går mot å legge ned dei vidaregåande skulane i Lunde og Seljord.

Nytt regelverk for motorferdsel i utmark.
I møte 8. januar gjev Vest-Telemarkrådet uttrykk for misnøye med fylkesmannens framstilling av saken og stør Vinje kommune si uttale i høve til bruk av snøskuter i regionen.

Nasjonal Transportplan 2010 – 2019, felles uttale.
Vest-Telemarkrådet godkjende i møte 11. mars forslag til felles uttale til Nasjonal Transportplan 2010 – 2019 i lag med Midt-Telemarkrådet.

Forvaltningsreformen, høyring.
I brev av 26. februar 2008 frå Kommunal- og regionaldepartementet var kvar enkelt kommune invitert til å kome med uttale i høve til oppgåver i samband med forvaltningsreformen. Vest-Telemarkrådet vedtok på møte 11. mars å gje felles uttale i saken.

Handlingsplan for lokalmat i Telemark, høyring.
I mars-møtet vedtok Rådet uttale til handlingsplan for lokalmat i Telemark. I uttala kjem det mellom anna fram ynskje om enklare regelverk, betre rettleiing og andre former for støtteordningar.

Forslag til endringar i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven. Bu- og driveplikt.
I møte 22. april vedtok Rådet å gje uttale i samband med forslag til endringar i odelsloven, konsesjonsloven, og jordloven.

Pass-kioskar.
I mars-møtet vedtok Vest-Telemarkrådet å sende brev til justisdepartementet i samband med plassering av dei nye pass-kioskane for å peike på at dette er tenester som bør finnast ved alle lensmannskontor.

Kollektivtransporttilboda i distrikta – skal kommunane ha eit ord med i laget ?
I møte 20. mai vedtok Vest-Telemarkrådet å sende ei formell henvending til Telemark fylkeskommune for at regionen skal ha ei meir aktiv rolle i samband med fastsetjinga av kollektivtrafikktilbodet i distriktet. Rådet ba også om å verte involvert i ei komande evaluering av innkjøpsordninga for desse tenestene.

Organisering og godtgjersle i forliksråda.
Det vart vedteke å sende brev til justisdepartementet og ta opp problemstillinga omkring manglande godtgjersle for medlemmer av forliksråd.

Fylkesdelplan Hardangervidda. Høyring planprogrammet.
På rådsmøtet 16. september låg det føre brev frå Buskerud fylkeskommune med invitasjon til å kome med merknader til framlagt planprogram for fylkesdelplan Hardangervidda.
Rådet såg det ikkje som aktuelt å lage eiga uttale, men ga støtte til Vinje kommune si uttale i saken.

Klassifisering av Rv 41 som stamveg.
I møte 15. oktober slutta Vest-Telemarkrådet seg til ei felles uttale frå dei aktuelle kommunane, NHO og ulike næringorganisasjonar der ein ynskjer Rv 41 klassifisert som stamveg i samband med gjennomføringa av forvaltningsreformen.

Fylkeskommunalt budsjettforslag om nedlegging av klasser i vidaregåande skule.
I samband med budsjettarbeidet for 2009 låg det frå fylkesrådmannen føre eit forslag til innsparing som innebar nedlegging av skuleklasser mellom anna ved Bø Vidaregåande skule, avdeling Seljord.
Vest-Telemarkrådet peika i uttale av 11. november på viktigheiten av å oppretthalde dagens skuletilbod og signaliserte at regionen ikkje godtek nedleggingsforslaget.

Forvaltning av høgfjellsvegar som kryssar regiongrenser.
På bakgrunn av at Vegdirektoratet no greier ut prinsipp for ansvarsfordeling gjeldande driftinga av dei ulike fjellovergangane drøfta Vest-Telemarkrådet saken i rådsmøte 15. desember.
Rådet vedtok å sende skriv til Vegdirektoratet der ein viser til næringliv og busetting og viktigheiten av god heilårsdrift og sikker regularitet på E 134 over Haukelifjell.
Rådet meiner at det er Statens vegvesen, region Sør som på best måte oppfyller desse krava og som fortsatt bør ha ansvaret for denne høgfjellsvegen.

Utvida rutetilbod på Sørlandsbanen. Støtte-erklæringg.
I møte 15. desember støtta Vest-Telemarkrådet eit innspel til Norges Statsbaner frå Midt-Telemarkrådet der ein ber om 2 nye togavgangar på Sørlandsbanen.

Uttale i høve til forsert utbygging av tunnelen Århus _ Gvammen.
Vest-Telemarkrådet vedtok i møte 15. desember å støtte innspel frå Seljord og Hjartdal kommune der dei i brev til samferdselsministeren ber om framskunding av tunnelen Århus – Gvammen til fyrste del av planperioden i samband med rulleringa av Nasjonal Transportplan.

Gjennom deltaking på rådsmøta har Vest-Telemarkrådet i 2008 fått nærare orientering om fylgjande saker:

- Tiltak i samband med regionprofilering v/Henry Mæland
- Dialog med Statens vegvesen om ulike vegspørsmål, v/Trude Holter og Asbjørn Arnevik
- Utviklingsoppgåver innan kultur og kulturbasert næringsutvikling, v/Geir Berge Nordtveit og Karl Johan Heide
- Utvikling og samordning av reiseliv for å styrke reisemåla i Vest-Telemark, v/Karin Kvålset

- Felles gjeldsrådgjeving, v/Vegard Omdal og Berit Valhovd
- Mattilsynet, v/Liv Engravslia og May Britt Dale
- Vitalisering av næringsapparatet, v/Knut Vareide
- Omorganisering av familievernet, v/Tor Eivind Erikstein
- Tannlækjartenesta i Vest-Telemark, v/Gudmund Tveito
- Blefjell Sykehus, v/Ivar Dahl
- Innovasjon Norge, v/Isak Rosenvold og Reidun Løite Myhra
- Entreprenørskapsarbeidet, v/Elisabeth Lid
- Tilflyttarprosjekt Telemark, v/Haldor Kaasin
- Arbeidet med å skaffe plass til asylsøkjarane, v/Tormod Stavenes
- Bygdelivsprosjektet, v/Emilie Asplin
- IKT, status og vegen vidare, v/Torgeir Selle og Børge Skårdal

Skjønnsmidlane.
Vest-Telemark fekk i 2008 kr. 1 867 250,- i skjønnsmidlar frå fylkesmannen.
Midlane gjekk til fylgjande prosjekt:

- IT-system for turnusplanlegging innan pleie- og omsorg: kr 1 307 100
- Overgang frå GAB til matrikkel: kr 560 150

21. april 2009

Olav Tho
Solveig S. Abrahamsen
Bjørn Nome
Anne-Nora Oma Dahle
Arne Vinje
Torstein Tveito
Olav Urbø
Kjell Gunnar Heggenes

VEST - TELEMARKRÅDET

ÅRSREKNESKAP 2008

AVD.1 KONTORDRIFT

RESULTATREKNESKAP	2 008	2 007
INNTEKTER		
Salsinntekter tjenester	-	77 720
Tilskot	-	51 000
Driftstilskot frå Fellesfondet	1 060 000	960 000
SUM DRIFTSINNTEKTER	**1 060 000**	**1 088 720**
DRIFTSKOSTNADER		
Lønn til tilsette	469 972	408 256
Berekna feriepengar	56 478	48 991
Godtgjersle til tillitsvalde	30 000	25 000
Arbeidsgjevaravgift	58 689	49 236
Arbeidsgjevaravgift av pål. Feriepengar	5 987	5 193
Pensjonskostnader	52 852	44 903
Annen personalkostnader	3 636	14 263
Leige lokaler	33 231	30 000
Renovasjon, vann o.l	3 375	2 855
Ljos og varme	6 616	8 309
Inventar	-	-
Vedlikehald utstyr	-	-
Revisjonshonorar	12 250	4 068
Rekneskapshonorar	22 529	11 791
Sekretærtjenester	7 660	6 250
Konsulenthonorar	-	51 000
Tilskot til prosjekt i VTNU	12 500	-
IT-tjenester	23 709	9 110
Kontorrekvisita	22 116	11 591
Trykksaker	8 125	
Aviser, tidsskrifter, bøker o.l	3 213	1 080
Møter, kurs o.l	152 869	194 816
Annen kontorkostnad	-	-
Telefon	5 962	5 653
Porto	135	813
Bilgodtgjersle , andre reisekostnader	36 226	55 871
Reklame, annonsering	22 487	6 167
Gåver	-	8 197
Bankgebyr	635	506
Annen kostnad	13 260	22 832
SUM DRIFTSKOSTNAD	**1 064 510**	**1 026 750**
DRIFTSRESULTAT	**(4 510)**	**61 970**
FINANSINNTEKTER/-KOSTNADER		
Renteinntekter	92 764	82 917
Rentekostnader	-	-
FINANSINNTEKTER	**92 764**	**82 917**
ÅRSRESULTAT	**88 254**	**144 887**

VEST - TELEMARKRÅDET

ÅRSREKNESKAP 2008

RESULTATREKNESKAP	2008	2007
INNTEKTER		
Salsinntekter tjenester	-	77 720
Tilskot	3 517 250	2 741 000
SUM DRIFTSINNTEKTER	**3 517 250**	**2 818 720**
DRIFTSKOSTNADER		
Lønn til tilsette	469 971	408 256
Berekna feriepengar	56 478	48 991
Godtgjersle til tillitsvalde	30 000	25 000
Arbeidsgjevaravgift	58 689	49 236
Arbeidsgjevaravgift av pål. Feriepengar	5 987	5 193
Pensjonskostnader	52 852	44 903
Annen personalkostnader	3 636	14 263
Leige lokaler	33 231	30 000
Renovasjon, vann o.l	3 375	2 855
Ljos og varme	6 616	8 309
Inventar	-	-
Vedlikehald utstyr	-	-
Revisjonshonorar	12 250	4 068
Rekneskapshonorar	22 529	11 791
Sekretærtjenester	7 660	6 250
Tilskot til prosjekt	2 469 750	1 730 000
Konsulenthonorar	-	51 000
IT-tjenester	23 709	9 110
Kontorrekvisita	22 116	11 591
Trykksaker	8 125	
Aviser, tidsskrifter, bøker o.l	3 213	1 080
Møter, kurs o.l	152 869	194 816
Annen kontorkostnad	-	-
Telefon	5 962	5 653
Porto	135	813
Bilgodtgjersle , andre reisekostnader	36 226	55 871
Reklame, annonsering	22 487	6 167
Gåver	-	8 197
Bankgebyr	635	506
Annen kostnad	13 260	22 832
SUM DRIFTSKOSTNAD	**3 521 760**	**2 756 750**
DRIFTSRESULTAT	**(4 510)**	**61 970**
FINANSINNTEKTER/-KOSTNADER		
Renteinntekter	92 764	82 917
Rentekostnader	-	-
FINANSINNTEKTER	**92 764**	**82 917**
ÅRSRESULTAT	**88 254**	**144 887**

VEST - TELEMARKRÅDET

ÅRSREKNESKAP 2008

Balanse

			2008	2007
OMLØPSMIDLAR				
Kundefordringar			-	80 608
Bankinnskot kto. 2660.65.03724			1 384 519	2 899 686
Bankinnskot kto. 2801.18.36501			46 280	48 355
Bankinnskot for skattetrekk			57 803	71 725
SUM OMLØPSMIDLAR			**1 488 601**	**3 100 374**
EIGENKAPITAL OG GJELD				
Annan eigenkapital 01.01.08		502 041		
Årets overskot		88 255		
Eigenkapital	31.12.08	590 296	590 296	502 041
EIGENKAPITAL			**590 296**	**502 041**
GJELD				
Levrandørgjeld			72 242	1 915 397
Forskotstrekk			36 117	41 747
Arbeidsgjevaravgift			17 481	17 006
Påløpt arbeidsgjevaravgift av feriepengar			5 987	5 193
Forskot frå kundar			710 000	570 000
Skuldig lønn			-	-
Skuldig feriepengar			56 477	48 990
SUM GJELD			**898 305**	**2 598 333**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD			**1 488 601**	**3 100 374**

Kviteseid 31.12.08/21.04.2009